



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2234

Vår dato
12.09.2014
Dykkar dato
02.06.2014

Vår referanse
2014/6928 431
Dykkar referanse
11/1958

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til søknad om løyve til regulering og uttak frå Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune.

Fylkesmannen meiner at ytterlegare vassuttak frå Kvitebergsvatnet er eit unødvendig naturinngrep. Krav til bruk av beste tilgjengelege teknologi er ikkje oppfylt. Vi rår til at søknaden vert avslått slik den ligg føre.

Vi viser til brev frå NVE av 2 juni 2014 der Fylkesmannen blir bedt om å vurdere søknaden frå Ølve bruk AS (Alsaker Fjordkraft AS) om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune. Hordaland.

Etter avtale med NVE er svarfristen vår utsett til 22. september 2014.

Bakgrunn

I tilknytning til ein søknad om utviding av smoltproduksjon, søker Ølve Bruk AS om å ta ut vatn og regulere Kvitebergsvatnet. Det er søkt om eit kontinuerlig vassuttak på 16 m³/min (tilsvara 270 l/s) og ein regulering på 1,2 m mellom kote 8,8 (LRV) og 10,0 (HRV). Det er planlagt ein minstevassføring på 70 l/s. Bakgrunn for søknad er at Ølve Bruk AS har eit ynskje om å sikre sine matfiskeanlegg i sjø med smolt frå egne anlegg i framtida.

Ølve Bruk AS har i dag konsesjon på 50.000 sjødyktige settefisk av laks, aure og regnbogeaure, og ein eksisterande regulering på 0,8 meter.

Vår vurdering av tiltaket

Fylkesmannen vil vurdere søknaden ut frå omsyn til dei fagfelte vi har særskilt ansvar for. Etter naturmangfaldlova § 8 skal kunnskapsgrunnlaget stå i rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Settefiskproduksjon har fram til no vore svært krevjande når det kjem til vassforbruk. Dette har ført til trong for magasinering av vatn, oppdemming og nedtapping. Samstundes er næringa i kraftig utvikling og vi ser store skilnader mellom anlegg i kor myke vatn dei nyttar. Etter naturmangfaldlova §12 skal næringa ta i bruk driftsmetodar der skader på naturmangfaldet skal unngåast eller avgrensast og vidare gi dei beste samfunnsmessige resultat. I utsleppsløyva våre set vi krav om at verksemdene skal nytte beste tilgjengelege teknologi.

Nordisk Ministerråd ga ut rapporten «Beste tilgjengelige teknikkar for fiskeoppdrett i Norden» i 2005. Her blir det synt til at ulike resirkuleringsteknikkar inneber at det kan produserast 1

mill. sjøklar settefisk av stor storleik (250 g) med ein vassforbruk på 0,4 m³/min. Denne informasjonen samsvarer med kva vi har fått opplyst på settefiskanlegg vi har vitja. Bruk av resirkuleringsteknologi (bygging av RAS – anlegg) vil i dei fleste tilfelle redusere vassforbruket så kraftig at det ikkje vil vere trong for (særleg) magasinering av vatn.

Basert på eksisterande kunnskap, rår Fylkesmannens til at søknaden blir avslått jf. naturmangfaldlovens §12. Andre eventuelle konfliktområder er omtala under.

Friluftsliv

Vassuttaket vil etter søknaden vere størst i perioden mai – august, og dette fell saman med perioden når friluftaktiviteter knytt til vassdraget er størst. Eksisterande uttak på 0,8 m har forgått i over 30 år, men eit ytterlegare uttak på 0,4 m kan, avhengig av topografi, vere merkbar i fleire områder. Vi meiner at søknaden her er mangelfull. Fylkesmannens rår til at ein mogleg konflikt med folk som bruker området til fritidsaktiviteter bør vurderast meir nøye.

Fisk

Fylkesmannen vil ikkje sjå vekk frå at det tidlegare har vore anadrom fisk i Kvitebergsvatnet, men det er i dag sperra for oppgang. Moglegheita for oppvandring er her krevjande, men ikkje heilt umogleg. Ein eventuell utviding må difor ta høgde for oppgang av anadrom fisk i framtida.

Oppgang av ål må også sikrast.

Tilråding

Søknaden inneheld eit kapittel som ytrar eit behov for oppfølging av undersøkingar i forbindelse med sjølve søknadsprosessen, samt ein overvaking av anleggsarbeid og moglege verkingar etter oppstarting av anlegget (kapittel 5, side 22). Dette underbygger Fylkesmannens konklusjon kor vi meiner at konsekvensane av utbygging og økt vassuttak er for usikre per i dag. Vi rår til å oppgradere settefiskanlegget til et resikuleringsanlegg kor behovet for vassuttak er mykje mindre, og dei moglege påverknadane på områdene rundt blir redusert.

Konklusjon

Fylkesmannen rår frå auka uttak av vatn og ber om at søknaden vert avvist jf. naturmangfaldlovens § 12.

Med helsing

Anniken Friis
Seniorrådgjevar

Julie Marie Andersen
Overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Alsaker Fjordbruk AS		5694	ONARHEIM
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen